



Morten Abel i aksjon på Dønhaug

Innspurtdagen under Festidalen vart vellukka sjølv om iltre vêrgudar gjorde ein sterk freistnad på å øydeleggja han. Førebels er det for tidleg å vita korleis det gjekk økonomisk, men eit sannsynleg besøkstal er 800 fredag og 1300 laurdag.

Det bør arrangørane vera godt fornøgd med etter som dei trass i alt var heldige med veret. Dei slapp med ein avlysing grunna heftig regn og torever- av konserten på Storhaug. Og vert vi så spurd om den musikalske toppen er svaret: Morten Abel!

[BILETSERIE](#)



Så mange var møtt fram då Abel starta showet sitt

Han legg stadig fleire alen til sin musikalske vekst og viste også nye sider av seg sjølv, Cazadores måtte melda forfall men det betydde truleg ikkje nokon sterkt svekka konsert.

Årets Festidalen som sto fram med utvida profil og innhald vart ein stor suksess. Næringslivseminar, føredragskro, og allsidig program for barn og unge styrka festivalen som no er på veg mot noko verkeleg spennande.

Nøkkelpersonane bak utvidinga har verkeleg visjonar og det er grunn til å glede seg til neste år. Då vil merkevaren Festidalen truleg lyfta seg enda nokon hakk.

Og då får vi tru at vergudane ikkje vil stikka kjeppar i hjula for ein ny fjellkonsert. For den er vel ikkje kutta ut av programmet med dette?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

[SJÅ BILETSERIE PÅ HUSNESNETT](#)